



Statoil

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
12/829-24	382/15	026	LU/LU/HSK	

HØRING KONSEKVENsutREDNING JOHAN SVERDRUP

Statoil inviterte til offentlig høyring 31. oktober 2014 og Klepp kommune vil med dette dele våre innspill på det foreliggende forslaget til plan for utbygging og drift av Johan Sverdrup feltet.

Utbygging og drift av Johan Sverdrup er eit stor og viktig steg i vidareutviklinga av olje- og gassverksemda på den norske kontinentalsokkelen. Feltutviklinga vil motvirke fallet i oljeproduksjonen og dermed bidra til å sikre langsiktighet og verdiskaping for heile nasjonen. Dette vil bety mykje for norsk leverandørindustri generelt og den lokale leverandørklyngen spesielt. Feltet vil med sin størrelse bli eit nytt, stort og viktig kapittel i vår historie som olje- og gassnasjon og gi et viktig bidrag til å gi næringslivet et flergenerasjonsperspektiv.

Klepp kommune vil berømme Statoil på vegne av rettighetshavarane, for det arbeidet som er gjort med å belyse konsekvensane ved utbygging og drift av feltet.

Betydinga for regionen

Syssetteffekten for utbyggingen er berekna til totalt 34.000 årsverk frå leverandørindustrien. Statistikken viser at erfaringsmessig blir ca. 40 prosent av disse oppdraga plassert til lokale bedrifter i Rogaland, det vil seie 13.600 årsverk. For full feltutbygging er totalen 63.000 og regionens antatte andel 25.200.

Det at driftsorganisasjon, forsyningsbase og helikopterbase er lagt til regionen har stor betydning. At desse tre funksjonane er samlokalisert vil også gi ein reell positiv kostnadseffekt for rettighetshavarane. Tidshorisonten for drift av feltet fram mot 2060 vil være med å sikre og å gi grunnlag for å vidareutvikle fagmiljøa på ei rekkje område innan utdanning, forskning og næringsliv.

Driftssenter

Statoil har foreslått å lokalisere Johan Sverdrup sin driftsorganisasjon på Forus. Denne anbefalinga har betydning for det samla fagmiljøet og vil være eit klart signal om vidareføring og styrking av driftsmiljøet for Statoil i Stavanger. Drifta av feltet vil ikkje bare ha stor betydning for regionen, men og for nasjonen, i den forstand at den vil underbygge den rolla Stavanger har som nasjonens oljehovudstad i eit langsiktig perspektiv. Dette vil komme verksemda på hele den norske kontinentalsokkelen til gode og vil dernerst ytterligere kunne styrke Noreg si slagkraft som eksportør av teknologi, kompetanse og erfaring innanfor olje og gass.

I dag drives Statfjord, Sleipner, Snorre og Gudrun-feltene frå Stavanger. Alle desse felte med unntak av Gudrun nærmar seg slutten av levetida. Frå 2017 vil Gina Krog-feltet også drives frå Forus. Statoil har derfor en erfaring og høgt kompetent driftsorganisasjon som kan overta drifta av Johan Sverdrup feltet frå 2020.

Forsyningsbase

Anbefalinga om å bruke Dusavik base til forsyning av varer og tenester for Johan Sverdrup er ei god løysing. Stavanger-regionen har landet største og mest komplette oljeserviceklynge, som vil kunne vidareutviklast og vokse vidare med dei oppdragsmoglegheitene som Johan Sverdrup gir.

Begrunnelsane for valet er:

- Dusavik har basekapasiteten som behøves for å imøtekomme Johan Sverdrups behov.
- Bruk av Dusavikbasen gir Statoil synergieffekter siden selskapet allerede har valgt Dusavik som forsyningsbase for sine operasjoner i søndre del av Nordsjøen.

- Dette vil være et positivt bidrag til reduserte driftskostnader samt lavere energiforbruk knyttet til drift av forsyningsfartøyene.
- Dusavik vil kunne levere basetjenester både i utbyggingsfasen og i driftsfasen

Innspill:

- Bruk av LNG drevne forsyningsfartøy er ikkje nevnt i konsekvensutredningen. Bruk av slike vil bidra til lågare utslipp, totalt sett, men også for nærmiljøet til ein stadig travlare Dusavik base.
- Kan bruk av landstrøm for forsyningsfartøy i fast rotasjon bli vurdert for og ytterlegare redusere utslipp og støy i forbindelse med Dusavik base?
- I hvilken grad planlegges det omforente område forsyningsløyser for felta på Utsirahøyden (Johan Sverdrup, Ivar Aasen og Edvard Grieg)?
- Statoil bør ta initiativ til å finne konstruktive løyser på ovennevnte punkt. Dette kan medføre meir effektive operasjonar, reduserte kostnader og mindre forureining.

Helikopterbase

Anbefalt sted for helikopterbase er Sola flyplass. Sola har Norges største helikopterfaglige miljø som dekkjer opplæring, vedlikehald og operativ drift med nærmare 1300 direkte ansatte i denne klyngen. Langsiktigheten i operasjonene på Utsirahøyden vil sikre og styrke Sola sin posisjon som norsk kompetansesenter for helikoptervirksomhet.

Begrunnelsene for valget er:

- Sola gir kortast flytid, lavest utslipp.
- Sola har gode flyforbindelser for dei som skal reise til og frå Sola flyplass
- Sola flyplass imøtekommer i stor grad myndighetenes og operatørens krav ved at det er helikopterbase og flyplass på same stad.
- Flyplassen er lokalisert slik at en har mulighet for å skjerme nærmiljøet mot negativ påvirkning.

Innspill:

- At Sola velges som helikopterbase vil medføre ei betydeleg auke i helikoptertrafikken. Høyaktivitetsperiodane vil være oppkobling og ferdigstilling av Johan Sverdrup fram mot 2020 (fase 1.) Det vil være viktig at Statoil til enhver tid deltar i arbeidet med å sikre optimale flyruter til og fra Sola for å medvirke til effektive operasjonar.
- Statoil bør i sin langsiktige strategi medvirke til å velge støysvake helikoptre for Johan Sverdrup, slik at ulempene med støy i forbindelse med denne aktiviteten kan reduserast.

Avbøtende og oppfølgende tiltak

Forslaget omfatter en gjennomgang av på kva for område Statoil har eit program for å jobbe meir med løyser som minimerer og ytterlegare reduserer utslipp og negative miljøkonsekvensar fra Johan Sverdrup feltet.

Innspill:

Det er positivt at Statoil og dei andre rettighetshaverne har eit tydelig fokus på korleis de framover kan ytterlegare redusere det som kan være negative konsekvensar av utbygging og drift. Spesielt gledelig er det å merke seg tiltaka som går på reduserte utslipp til luft og sjø.

Konsekvensar for kommunar i Stavangerregionen

Innbyggjarar, offentleg sektor og næringslivet i Stavangerregionen vil bli direkte berørt av utbygging og drift av Johan Sverdrup-feltet. Difor er det viktig at konsekvensar av utbygging og drift blir sett inn i ein kontekst som involverer dei lokale politikarane i dei kommunane hvor utbygging og drift har ein klar effekt. Effekten for kommunane i Stavangerregionen er at utbygging og drift av Johan Sverdrup vil ha sterk innverknad på offentlege planar og aktivitetar samt privat næringsliv i minst 50 år framover.

Oppsummert vil vi berømme Statoil for det gode arbeidet som er gjort for å utrede konsekvensane av aktivitetane i havet. Vårt fokus har naturleg nok vore effekten som utbygging og drift av Johan Sverdrupfeltet vil ha på land. Vi ser svært positivt på den langsiktige effekten aktiviteten vil ha. Samtidig er det vår observasjon at utredninga kun i mindre grad ser på korleis det kan leggjast til rette for avbøtende tiltak på basen og i samband med transport. Vi har difor no spilt inn moglege avbøtende tiltak som kan redusere utslipp og støy. Vårt ønske er via kontinuerlig dialog å leggje til rette for å være eit godt vertskap for Statoil sine aktivitetar i Stavangerregionen, samtidig som vi bidreg til at det kan være ein produktiv sameksistens mellom industri og

innbyggjarinteresser.

Klepp kommune, 08.01.2015

Ivar Undheim
rådmann

Hege Skotheim
plan- og næringsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.

Kopi til: Olje og energidepartementet